



Norsk studentorganisasjon

Lakkegata 3 / 0187 Oslo

T: 22 04 49 70

F: 22 04 49 89

E: nso@student.no

W: www.student.no

Høringsuttalelse

Høring - Forskrifter om rammeplaner for lærerutdanning for trinn 8-13.

Praksis skal sikre at studentene møter ulike deler av skolens virksomhet, mangfoldet av elever og ansatte, ulike profesjonsrelevante problemstillinger, og gjennom samarbeid og refleksjon utvikle egen profesjonsidentitet og kompetanse.

Hørings svar fra Norsk studentorganisasjon om lærerutdanning for trinn 8-13.

Overskrift

Norsk studentorganisasjon takkar for høvet til å koma med høyringsfråsegn til departementet om lærerutdanningane for trinn 8-13.

Norsk Studentorganisasjon (NSO) støttar i stor grad dei ulike rammeplanutvala sine vurderingar og val i utforminga av dei fem forskriftene om rammeplanar for lærerutdanningane for trinn 8 til 13. Vi ser likevel nokre manglar knytt til heilskapen i rammeplanane. Målet for gjennomgangen er at utdanningane skal vere integrerte, profesjonsretta, forskingsbaserte og av høg kvalitet. I dette høyringsfråsegnet vil vi først skissere det vi meiner bør vere overordna prinsipp knytt til profesjonsfag, praksis og integrasjon. Vidare vil vi ta føre oss kvar av dei fem forskriftene etter tur.

Overordna prinsipp

Profesjonsfag

NSO er positive til at det er foreslått eit profesjonsfag i dei nye lærerutdanningane for trinn 8. - 13. Vi meiner at profesjonsfaget skal vere eit integrerande element i dei enkelte utdanningane som sikrar samanheng mellom pedagogikk, fagdidaktikk og praksisopplæring, samt dei elementa som er spesifikke for kvar enkelt utdanning. For at profesjonsfaget skal ha denne funksjonen er det ein føresetnad at faget følgjer studentane gjennom heile studieløpet. Vi opplever at dette ikkje er tatt tilstrekkeleg høgde for i enkelte av utdanningane, noko vi vil kome tilbake til i delkapitela for dei utdanningane det gjeld. Profesjonsfaget har òg eit særleg ansvar for å sikre tydeleg progresjon i utdanningane og for at studentane får tid til å utvikle grunnleggande lærarkunnskap, ferdigheitar og kompetanse gjennom studiet. Dette er òg eit viktig argument for at profesjonsfaget må bli spreidd gjennom heile studiet.

NSO ser at profesjonsfaget òg kan fungere som eit samlande element på tvers av dei ulike lærerutdanningane. Vi opplever at bruken av omgrepet «profesjonsfag» er ulike i dei fem forslaga til forskrifter, samt høyringsbrevet. I høyringsbrevet står det til dømes «I arbeidet er det lagt vekt på å styrke samspelet mellom fag, fagdidaktikk, profesjonsfag og praksisopplæring.», medan det i forskrift for lektorutdanninga står «Profesjonsfaget skal bestå av minst 30 studiepoeng pedagogikk og minst 30 studiepoeng fagdidaktikk.». I forskrift for PPU snakkar ein om «helhet og sammenheng mellom profesjonsfag, pedagogikk, fagdidaktikk og praksisopplæring». NSO meiner at profesjonsfaget i alle utdanningane bør innehalde fagdidaktikk, pedagogikk og praksis. Det er naudsynt at alle som tilbyr lærerutdanning og dei studentane som går der har ei felles forståing av kva profesjonsfaget og profesjonsbasen er. Dette er òg svært viktig å sjå i samanheng med de læringsbyteskildringane som skal seie noko om utbytte av profesjonsfagleg karakter.

Læringsutbyttebeskrivingar

NSO etterlyser større samsvar mellom læringsutbytteskildringane i dei fem forskriftene. Dette på bakgrunn av nokre ting vi ser på som viktig når det gjeld å sikre kunnskapen, ferdigheitene og den generelle kompetansen til studentar på dei respektive utdanningane.

For det første kan eit større samsvar mellom læringsutbyttebeskrivingar og formuleringa av desse vere med å seie noko om ein felles profesjonsidentiteten og verke inn på studentar si

forståing av eigen profesjon som lærar. Studentar som skal jobbe i den norske skulen vil ha nytte av å kunne sjå ein samanheng mellom sine egne studiar og andre lærarutdanningsprogram, spesielt for å ha eit godt utgangspunkt for å diskutere og utvikle eigen profesjon. I og med at læringsutbytteskildringane seier mykje om dei felles profesjonsfaglege utbytta ei lærarutdanning skal gje, er det derfor viktig at ordlyd og meningsinnhald i formuleringane som omhandlar dette samsvarer i dei fem forskriftene. Eit døme kan vere:

3-årig faglærerutdanning § 2 Kunnskap strekpunkt 2

- har kunnskap om lovgrunnlag, herunder skolens formål, verdigrunnlag, læreplaner og rettigheter og plikter for elevene og skolen

Lektorutdanning for trinn 8-13 §2 Kunnskap strekpunkt 3

- har bred forståelse for skolens mandat, opplæringens verdigrunnlag og opplæringsløpet

I desse punkta er mykje av innhaldet det same, men det er brukt ulike omgrep og ulike nivå av konkretisering. Om ein ser forskriftene under eitt er det fleire eksempel på slike skilnader. Konkret gjeld det mange av dei punkta som skal sikre det felles profesjonsfaglege utbyttet for alle lærarstudentar. Vi ser her difor bort frå dei læringsutbytteskildringane som omhandlar den enkelte utdanninga sin eigenart. Vi trur og at det vil vere lettare for praksisfeltet å møte nye lærarar på ein god måte om ein veit at alle lærarar har eit felles utbytte frå utdanninga med tanke på profesjonsfaget og læraridentitet.

Praksis

NSO ser at det er foreslått fleire positive endringar i praksisopplæringa i utdanningane. Generelt ser vi ei auking i omfanget av praksis, noko vi meiner er positivt. Vidare er det lagt inn større krav til progresjon i praksisopplæringa, til fordeling av praksis gjennom utdanningsløpa og til lengre, samanhengande praksisperiodar. Dette er viktige steg på vegen for å gjere praksis til ein større og betre integrert del av lærarutdanningane. Samstundes ser vi at vi framleis har ein veg å gå, særleg når det kjem til å knyte FoU-arbeid og praksis tettare saman og å gje praksisfeltet eit større ansvar i utforminga av lærarutdanningane. Vi meiner òg at ein på sikt bør ha som mål å auke praksismengda i utdanningane yttarlegere, særleg i den femårig lektorutdanninga.

Vi ser behov for noko presisering av kva praksis er både kvantitativt og kvalitativt. For det første ser vi det som naudsynt at det vert spesifisert kva ein dag praksis svarer til for alle utdanningane. Vi ønskjer at ein skal omtale «dager» praksis som «arbeidsdager i skolen» (med unntak for arbeidslivspraksis i YFL og PPU-Y) for å understreke at det er snakk om arbeid i skulen ein heil arbeidsdag. (T.d. for lektorutdanninga: «Omfanget av praksis skal være minst 100 arbeidsdager i skolen [...].») På denne måten vil ein få betre fram at til dømes for- og etterarbeid på universitet/høgskule ikkje er å rekne som praksis, slik det òg er presisert i retningslinjene for grunnskulelærarutdanningane. For det andre bør ein seie noko generelt om kva funksjon praksis er meint å ha i lærarutdanningane. Vi ønskjer difor at følgjande setning vert lagt til i alle dei fem forskriftene: «*Praksis skal sikre at studentene møter ulike deler av skolens virksomhet, mangfoldet av elever og ansatte, ulike profesjonsrelevante problemstillinger, og gjennom samarbeid og refleksjon utvikle egen profesjonsidentitet og kompetanse.*»

Integrering

NSO ønskjer meir integrerte lærarutdanningar, særleg gjennom at fagdidaktikken og praksis vert knytt sterkare til faga. Vi opplever at dette langt på veg er tilfelle for mange av

utdanningane, men er usikre på om krava er tydlege nok i forslag til rammeplan for lektorutdanninga. Dette vil vi kome nærare inn på seinare.

Mobilitet

NSO meiner det er viktig å leggje til rette for mobilitet både nasjonalt og internasjonalt gjennom studieløpet. Til dømes bør det vere ein spesifisering av når praksis skal foregå. Alle studentar skal ha moglegheit til å reise på utveksling og dette bør kome tydeligare fram i alle dei nye rammeplanane.

Forskrift om rammeplan for 3-årige faglærerutdanningar i praktiske og estetiske fag

Kommentarar til § 1 Virkeområde og formål

Som vi tidlegare har nemnt meiner vi at dei ulike definisjonane av profesjonsfaget er utydlege og i for lita grad samsvarer. Bruken av profesjonsfag i avsnitt 2 kan bli forstått som at profesjonsfaget er det same som pedagogikk. Dette samsvarer ikkje med bruken av omgrepet profesjonsfag i dei andre forskriftene og vi viser derfor til innleiande merknad om dette på side 1 i høringssvaret.

I avsnittet som omhandlar mangfald og samisk kultur er det viktig at det òg står noko om danning og demokratiforståing, slik som for yrkesfaglærerutdanninga.

Kommentarar til § 2 Læringsutbytte

Det bør vere eit mål at formuleringane i forskrifta er så generelle at dei kan femne alle dei tre faglærerutdanningane. Når det vert sagt noko om kva utdanninga skal kvalifisere for er det difor viktig at formuleringa om arbeid i skulen vert ståande. Slik tar ein høgde for kva trinn studentane faktisk kjem til å undervise på. Ei eventuell trinnspefisering for den enkelte faglærerutdanning vil verke avgrensande for studentane og kva kompetanse dei får knytt til trinn. Når det først er formulert at utdanninga skal sikre læringsutbytte for arbeid i heile skulen, her forstått som 1-13, er det også viktig at òg læringsutbyttebeskrivingane speglar dette. Dei utbyttebeskrivingane som no ligg føre har etter vårt syn stort fokus på trinn 8-13.

Vi vil her kort liste opp det vi meiner studentar bør ha av læringsutbytte etter 3-årige faglærerutdanningar for praktiske og estetiske fag, men som ikkje ligg inne i forslaget eller er noko utydeleg slik vi les det:

Til læringsutbyttebeskrivingane for kunnskap:

- kunnskap om kulturelle perspektiv

Til læringsutbyttebeskrivingane for ferdigheiter:

- I punkt ein bør det òg nemnast at ein kan leie undervisning, i tillegg til å planlegge gjennomføre og reflektere, som allereie er nemnt i forslaget.
- Strekpunkt fire og fem omhandlar er overlappande. Det kan vere muleg å beskrive dette som ei skildring.
- I strekpunkt seks blir det i våre auge for spesifikt å bare nemne belysning av problemstilling. Bruk av forskingsarbeid, utviklingsarbeid av fagstoff handlar om meir enn dette, og vi meiner difor at den siste delen av setninga om belysning av problemstilling er ei unødig konkretisering.

Til læringsutbyttebeskrivingane for generell kompetanse:

- Strekpunkt fire bør endrast for å sikre betre samanheng mellom læringsutbyttebeskrivingane i dei ulike forskriftene. Her meiner vi at ein kan sjå til strekpunkt fem under generell kompetanse i lektorutdanninga som vi ser som ei betre og meir generell formulering.

Kommentarar til § 3 Struktur og innhold for faglærerutdanning

I avsnitt tre står det at profesjonsfaget skal ta vare på samanhengen mellom praktiske og estetiske fagområder, pedagogikk, fagdidaktikk og praksisopplæring. NSO meiner at alle område i utdanninga skal vere ansvarlege for ein slik integrasjon og foreslår at formuleringa “profesjonsfaget skal ivareta” vert bytta ut med “profesjonsfaget har eit særleg ansvar for”.

Opptakskrav

NSO stiller seg generelt skeptiske til å ikkje innføre karakter 3 i matematikk som inntakskrav til faglærerutdanningane. Rekning er ein grunnleggande ferdigheit i skulen og det bør difor vere eit minstekrav til matematikkompetansen hos studentar som skal arbeid i skulen. Ein viss kompetanse i matematikk er naudsynt for at studentane kan sikre at rekning får ein plass i musikk-, kroppsøving- og kunst- og handverkfaga. Ettersom det i dag ikkje er noko i utdanningane som kvalitetssikrar matematikkompetansen til studentane, meiner NSO at det òg for faglærerutdanningane bør vere eit karakterkrav på 3 ved inntak til desse utdanningane.

Forskrift om rammeplan for lektorutdanning for trinn 8-13

Vi er nøgde med at ein no får ein eigen rammeplan for dei femårige lektorutdanningane. Slik vi ser det har den viktigaste utfordringa vore å få desse utdanningane til å vere reelt integrerte utdanningar. NSO meiner at det i forslaget til forskrift framleis ikkje er tilstrekkelege krav som sikrar integrering. Vi meiner at profesjonsfaget må vere spreidd over fire år, og slik sikre at ein har noko som ligg langs med og integrerer praksiserfaringane i resten av studiet.

Kommentarar til §2: Læringsutbytte

Til læringsutbyttebeskrivingane for kunnskap:

I fjerde strekpunkt står det “og gjeldende lov- og planverk”. Dette bør ein flytte opp til strekpunkt tre om skulen sitt mandat for å gjere det meir tydleg og spesifikt.

Her kjem ei liste med utbytter som ikkje er tatt med i forslaget til forskrift, men som vi meiner er viktige òg for lektorutdanninga og som er tatt med i nokre av dei andre forskriftene:

Vi meiner at studentar etter gjennomført lektorprogram skal:

- ha kunnskap om opplæringa i eit historisk og kulturelt perspektiv
- ha kunnskap om skulen som organisasjon
- ha avansert kunnskap om ungdomskultur i ungdomskultur og ungdoms utvikling og læring i ulike sosiale og kulturelle kontekstar

Til læringsutbyttebeskrivingane for ferdigheiter:

I strekpunkt fem har formuleringa same meining som strekpunkt tre under ferdigheiter i forskrifta til praktisk-pedagogisk utdanning, men er mykje lengre formulert.

Kommentarar til §3: Struktur og innhold:

Dersom ein opnar for at institusjonar som integrerer fagdidaktikk i fag I eller II kan ta studiepoeng frå profesjonsfaget, kan det føre til at ein sit att med eit profesjonsfag på 30 studiepoeng pedagogikk som ikkje lenger er tilstrekkeleg integrert med resten av studiet. Vi ser ikkje at det er behov for å definere om fagdidaktikken for å integrere den i faga, og meiner at det er viktig at fagdidaktikken står tydeleg fram i institusjonane sine programplanar for å sikre at ein ikkje får ei utvatning av faget over tid. Vi ønskjer difor at følgjande setning vert fjerna: «For institusjoner som integrerer fagdidaktikk i fag I eller fag II må antallet studiepoeng i fagene økes tilsvarende.» Denne setninga kan òg lesast som at det ikkje er ein føresetnad at faga vert integrert med fagdidaktikken, noko som strir med kravet om at utdanninga skal organiserast på ein måte som sikrar samanheng mellom elementa som inngår (side 2 i forskrifta).

NSO ønskjer at det vert lagt til i forskrifta at profesjonsfaget skal fordelast over minst fire år. Det er krav til at praksis skal gå over minst fire år, og vi ser det difor som avgjerande at studentane har noko langs med praksis som sikrar integrering til resten av studiet. Slik vil ein òg kunne sikre ei tematisk koordinering mellom profesjonsfaget og praksiserfaringar.

Det bør òg vere tydelegare kva ei profesjonsrelevant masteroppgåve er. Utan ei klargjering vil det kunne resultere i for ulike ordningar for korleis masterdelen av utdanninga vert gjennomført ved institusjonane. Ettersom mange av læringsutbyttebeskrivingane ligg på masternivå, meiner NSO at det føreset at arbeid med masteroppgåva vert nytta til å nå desse læringsutbytta. Masteroppgåva må difor må vere profesjonsrelevant i den forstand at den famnar om både faglege og profesjonsfaglege perspektiv. Forslag til utviding av eksisterande setning: «*En profesjonsrelevant masteroppgave som favner om både faglige og profesjonsfaglige perspektiv av minimum 30 studiepoengs omfang, skal inngå i fag 1.*»

Praktisk-pedagogisk utdanning for trinn 8 – 13

Kommentar til tittel

Det burde i tittelen komme tydelegare fram at dette er praktisk-pedagogisk utdanning for allmenne fag slik at ein kan skilje denne frå praktisk-pedagogisk utdanning for yrkesfag. Det kan òg vere viktig for å få ei tydelegare jamstilling dei to praktisk-pedagogiske utdanningane.

Kommentarar til §1 virkeområde og formål

Her er profesjonsfaget nemnt i føremålet for utdanninga, men deretter ikkje nemnt i resten av forskrifta. Det vert dermed noko uklart kva «profesjonsfaget» i denne utdanning er meint å vere. Vi viser til innleiande merknad om dette på side 1.

I tre av dei andre forslaga til forskrift ligg det inne eit avsnitt om at lærarutdanninga skal kvalifisere til å arbeide med danning i demokratiske og fleirkulturelle samfunn, og å motivere for læring m.m. Vi kan ikkje sjå nokon grunn til at ikkje dette òg bør vere viktige element i PPU for trinn 8 - 13, og dermed òg ligge inne under føremålet med utdanninga. Vi meiner at formuleringane i forslaga til forskrift for yrkesfaglærarutdanninga for trinn 8 – 13, dekker dette området på ein god måte, og at tilsvarande tekst bør leggjast inn i forskrifta for PPU for trinn 8 - 13.

Kommentarar til § 2 læringsutbytte

Generelt registrerer vi at det er ein del skilnader mellom dei ulike utdanningane for trinn 8 - 13 på områder der vi meiner det er rimeleg å vente at kandidatane frå dei ulike utdanningane bør ha med seg mykje av den same kompetansen. Det er viktig for å framheve den felles profesjonskompetansen som lærarar på alle trinn bør ha. Vi ønskjer

difor at ein går gjennom planverka og går inn for likskap på fleire område. Særleg ser vi at det er ein del vesentlege skilnader mellom lektorutdanninga for trinn 8 - 13 og PPU for trinn 8 - 13. Vi stiller eit generelt spørsmål ved kvifor desse to forskriftene ikkje er meir samkøyrd, ettersom dei begge skal ha læringsutbytte på nivå 7 i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring. På nokre område er dette naturleg, men i ei praktisk-pedagogisk utdanning på masternivå må vi ha som venta læringsutbytte at den kompetansen studentane gjennom masterstudium har fått innan FoU-arbeid, forskingsmetodikk osv., kan overførast til profesjonsfaget og gjennom det nyttast til å løyse profesjonsrelevante problemstillingar. Vi vil gå nærare inn på korleis dette kan gjerast under kommentarar til kunnskapar, ferdigheitar og generell kompetanse.

Til læringsutbytteskildringane for kunnskap:

Her har vi eit generelt spørsmål knytt til adjektiva som er nytta for å skildre nivåa for dei ulike kunnskapsmåla. Vi har eit generelt ønskje om at det vert nytta omgrep som samsvarar med dei som er nytta i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring. Omgrep som «solid» forståing og kunnskap finn vi ikkje att her, og foreslår difor at ein vurderer å erstatte det med «inngående» eller «avansert» kunnskap.

Vi registrerer som nemnt at det er ein del vesentlege skilnader mellom læringsutbyta for PPU for trinn 8 - 13 og dei andre utdanningane for trinn 8 - 13. Vi vil her kort liste opp det vi meiner studentar bør ha av læringsutbytte etter PPU for trinn 8 - 13, men som ikkje ligg inne i forslaget.

Vi meiner at studentane etter PPU for trinn 8 - 13 bør:

- kunne sjå opplæringa i eit historisk og kulturelt perspektiv
- ha kunnskap om skulen som organisasjon
- ha kunnskap om relevant forskingslitteratur og kunne nytte denne på område som er relevant for profesjonsutøvinga
- ha inngående kunnskap om vitskaplege problemstillingar, forskningsteoriar og -metodar i faglege, pedagogiske og fagdidaktiske spørsmål

Til læringsutbytteskildringane for ferdigheitar:

Strekpunkt ein og to kan samlast til det som for lektorutdanninga er strekpunkt fire, da vi ikkje kan sjå at det er gode grunnar til at utbyttet frå desse områda bør vere vesentleg ulike mellom utdanningane.

I forslaget til forskrift for lektorutdanninga heiter det at studentane skal kunne «orientere seg i faglitteratur, analysere og forholde seg kritisk til informasjonskilder og eksisterende teorier innanfor fagområdene». Vi ser ingen gode grunnar til at ikkje dette óg skal gjelde for PPU for trinn 8 - 13, og foreslår difor at dette vert lagt inn under ferdigheitar.

Til læringsutbytteskildringane for generelle kompetansar:

Etter enda lektorutdanning er det venta at kandidatane «kan bidra til innovasjonsprosesser og nytenkning og gjennomføre profesjonsrettet faglig utviklingsarbeid». Vi meiner at ein skal kunne vente tilsvarande av ein student som har ein mastergrad og PPU, og ønskjer difor at ei læringsutbytteskildring vert lagt inn under generelle kompetansar for PPU.

Strekpunkt ein, to og tre har mange av dei same innhaldsmomenta, men manglar nokre moment samanlikna med og er språkleg ulike, høvesvis strekpunkt to, tre og fire i lektorutdanninga. Vi ønskjer også her høgare grad av samkøyring av desse læringsutbytte-

beskrivingane.

Kommentarar til §3 struktur

Vi ønskjer at ein nyttar same omgrep når ein set krav til omfang av praksis i utdanningane. Vi foreslår difor at ein som for faglærerutdanningane nyttar «arbeidsdager» framfor «dager», da det bør vere tydeleg at ein ventar at studentane i praksis skal møte ei arbeidsmengd og eit innhald som i størst muleg grad svarer til vanlege arbeidsdagar i skulen. Vi foreslår også tillegget arbeidsdagar «i skulen». Vi ønskjer vidare at det vert lagt til at det skal vere progresjon i praksisopplæringa.

Kommentarar til §6 opptak

NSO meiner at krav til mastergrad vil føre til ytterligere lærarmangel i lang tid framover. Mange potensielt gode lærarar vil anten ikkje kome inn på PPU, eller velje eit anna yrke eller ei anna utdanning. Vi fryktar at ein til dømes har bachelorgrad med gode karakterar i realfag vil vegre seg for å måtte ta to år til med master og eitt år med PPU, særleg medan lønnsnivået er lavt sammenlikna med mange andre yrke som krev ei så omfattande utdanning.

Vi er samde i at det bør vere eit mål at alle lærarar på vidaregåande nivå skal ha mastergrad, men at dette heller kan realiserast gjennom etter- og vidareutdanning. Kravet om 60 poeng i to fag til opptak for PPU må fjernes. PPU er et program som skal gi mulighet til studentene som ombestemmer seg ved fullført grad om å bli lærer allikevel. Dette er spesielt viktig for i realfagene hvor det ikke er gitt at studieprogrammene gir kompetanse i to fag. Men allikevel trenger vi å rekruttere flere realfaglærere.

Yrkesfaglærerutdanning for trinn 8-13

NSO er generelt godt nøgde med utforminga og innhaldet i denne rammeplanen. I tillegg ser vi det som positivt at det er snakk om å lage ei nasjonal ordning for realkompetansevurdering.

Kommentar til § 2 Læringsutbytte

NSO merkar seg det store samsvaret mellom utbytteskildringane i yrkesfaglærerutdanninga og praktisk-pedagogisk utdanning for yrkesfag. Desse beskriv godt det felles utbyttet yrkesfaglærarar treng for å arbeide i skulen. Vi har likevel nokre korte kommentarar.

Generell kompetanse:

Nokre av punkta er svært innhaldsmetta og omhandlar ting som bør brytast opp i fleire beskrivingar eller bli generalisert på ein betre måte. Eit døme på dette er strekpunkt éin: «har innsikt i relevante faglige og yrkesetiske problemstillinger kan formidle sentralt fagstoff skriftlig, muntlig og gjennom andre dokumentasjonsformer og via faglig innsikt, engasjement og formidlingsevne kan motivere for elevenes/lærlingenes læring, yrkesstolthet og yrkesidentitet».

NSO meiner at utbyttebeskrivingane nokre stader er for ordrike og for detaljerte, da det vert nytta fleire omgrep enn naudsynt. Spesifiseringar som «manns- eller kvinnedominerte miljøer» (strepunkt fem) høyrer etter vårt syn heime i nasjonale retningslinjer.

Kommentar til §3 Struktur og innhold i yrkeslærerutdanningen

Vi meiner det bør vere tydelegare skildringar om praksis og profesjonsfaget.

Profesjonsfaget

Vi meiner at profesjonsfaget skal vere eit integrerande element i dei enkelte utdanningane som sikrar samanheng mellom pedagogikk, fagdidaktikk og praksisopplæring, samt dei elementa som er spesifikke for kvar enkelt utdanning.

Praksis

Vi ønskjer at ein nyttar same omgrep når ein set krav til omfang av praksis i utdanningane. Vi foreslår difor at ein som for faglærerutdanningane nyttar «arbeidsdager» framfor «dager», da det bør vere tydeleg at ein ventar at studentane i praksis skal møte ei arbeidsmengd og eit innhald som i størst muleg grad svarer til vanlege arbeidsdagar i skulen. Vi foreslår også tillegget arbeidsdagar «i skulen» der det ikkje er snakk om praksis i arbeidslivet.

Forskrift om rammeplan for praktisk-pedagogisk utdanning for yrkesfag for trinn 8-13

Kommentar til §1 Virkeområde og formål

Vi er nøgde med formuleringa av verkeområde og formål. Vi er derimot spørjande til kvifor ordet "profesjonsfag" ikkje vert nemnt andre stader i rammeplanen enn under § 1. Vi viser til innleiande kommentar om profesjonsfag på side 1.

Kommentar til § 2 Læringsutbytte

Vi viser til kommentarar om læringsutbyttebeskrivingar i yrkesfaglærerutdanninga trinn 8-13.

Kommentar til § 3 Struktur og innhald i praktisk-pedagogisk utdanning for yrkesfag

NSO meiner det bør vere eit større samsvar mellom praksiskrava for PPU-Y og PPU. I PPU er det spesifisert at studentar som er tilsette i skulen skal ha praksis utanom eigen arbeidsplass. Vi meiner det kan vere uheldig om studentar har praksis berre ved eigen arbeidsplass fordi det kan gå utover rettleiingstid og kvaliteten på studiepraksisen. NSO meiner difor at det bør vere krav om at delar av praksis skal vere utanom om eigen arbeidsplass også i praktisk-pedagogisk utdanning for yrkesfag.

Vi ønskjer at ein nyttar same omgrep når ein set krav til omfang av praksis i utdanningane. Vi foreslår difor at ein som for faglærerutdanningane nyttar «arbeidsdager» framfor «dager», da det bør vere tydeleg at ein ventar at studentane i praksis skal møte ei arbeidsmengd og eit innhald som i størst muleg grad svarer til vanlege arbeidsdagar i skulen. Vi foreslår også tillegget arbeidsdagar «i skulen» der det ikkje er snakk om praksis i arbeidslivet.

Kommentar til § 5 Opptak

NSO er positive til dei auka opptakskrava til PPU-Y. Vi ser likevel at høge krav kan ha konsekvensar for rekrutteringa til denne utdanninga.